



Telenor Norge AS
Bente-Helen Husa
Postboks 800
1331 FORNEBU

Referanser:
Dykkar: KNAV-Telesentral
Vår: 18/1032 - 18/11657

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.04.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/668 Gjervik ytre

Tiltak: Telesentral
Byggjestad: Gbnr: 188/668 Kvassnesvegen 52
Tiltakshavar: Telenor Eiendom Holding AS
Ansvarleg søkjar: Telenor Norge AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.03.2018.

Av søknad og innsendt kart- og teiknings materiell går det fram at det er planlagt eit omfattande planeringsarbeid på eigedom gbnr. 188/668 i tillegg til etablering av utstyrshytte og mast for ny telesentral.

Det er i søknad ikkje gjort greie for formålet med planeringa. Det er i søknadsdokumentasjonen ikkje gjort greie for endeleg planeringshøgde, innsendt teikningsmateriell er mangelfult med omsyn til front skjering mm.

Vi ber og om orientering om håndtering av overskuddsmassar som følgje av planeringa.

Vi kan ikkje sjå at planering av eit arealel på 320 m² er naudsynt for flytting av mobilmasta og oppføring av utstyrshytte.

Vi ber om ei skriftelg attendemelding på om de ønskjer å dele opp søknaden og søke om planeringsarbeidet som eiga sak og la sjølve søknaden om flytting av mobilmast og utstyrshytte gå som ei sak.

Når vi har mottatt etterspurd dokumentasjon vil vi ta stilling til om planeringa ligg innanfor det som områdeplanen opnar for, jf. føresegn § 2.1 i områdeplanen.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dersom de ikkje vel å dele opp saka ber vi om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Formålet med planering av eit areal på om lag 320 m².



2. Fasade front skjering, terrengsnitt som syner terrenngrepa i høve til tilgrensande eigedom i nord og vest, sikring mot nord og vest.
3. Massehandtering – prosjektert mengde som vert transportert bort frå området mm.
4. Planeringshøgde.

Frist for å melde tilbake om de vil dele opp søknaden vert sett til 18.04.18.

Kommunen ber om at eventuell tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.05.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Telenor Eiendom Holding AS	Postboks 800	1331	FORNEBU
Telenor Eiendom Holding AS	Postboks 800	1331	FORNEBU
Telenor Norge AS	Postboks 800	1331	FORNEBU

Mottakarar:

Telenor Norge AS	Postboks 800	1331	FORNEBU
------------------	--------------	------	---------